

Samandrag kapittel 6 (nynorsk)

Landskap og arealbruk

Eit **naturlandskap** er eit landskap danna av geologiske prosessar og vekslende klimaforhold, utan varige spor etter menneskeleg påverknad. Eit **kulturlandskap** er eit landskap som er påverka og omdanna av menneskelege aktivitetar, til dømes ved ressursbruk, næringsverksemd og busetnad.

Landskapa kan ordnast etter kor mykje dei er omdanna av menneskelege aktivitetar, på ein skala frå det urørte naturlandskapet til det totalt menneskeforma by- og industrilandskapet. Mellom desse ytterpunktta finst det eit mangfald av kulturlandskap. Kulturlandskapet er i stadig endring på grunn av endring i ressursutnytting og andre menneskelege aktivitetar i landskapet.

Fjellandskapet har få spor etter menneskelege aktivitetar, og mange opplever det som eit naturlandskap. Slike landskap har vore jakt- og fangstlandskap i hundreår, og er i dag rekreasjonslandskap for mange menneske. Kraftutbygging har ført til dramatiske inngrep i nokre av desse landskapa. **Viddelandskapet** er på grunn av terreng og klima meir tilgjengeleg, og det er mogleg å busetje seg der. Bønder og reindriftssamar har utnytta arealressursar til beiting og hausting av husdyrfôr i viddelandskapet. Her har seterbruket vore viktig, men er borte dei fleste stader i dag.

Jordbrukslandskapet, som er utvikla og forma av bøndene, har gjennomgått store endringar fordi jordbruket er endra frå haustingsbruk til dyrkingsbruk. I **haustingsbruket** utnytta bøndene ressursane i utmarka, og jordbrukslandskapet var sett saman av oppstykkja kornåkrar, frodige slåtteenger og beitemark. **Dyrkingsbruket**, som vart utvikla gjennom 1900-talet, er basert på intensiv utnytting av dyrka jord, mekanisering og spesialisering. Mange gardsbruk er nedlagde, og drifta på mange er endra. Det opne jordbrukslandskapet er somme stader tilgrodd med buskar og kratt.

På flatbygdene i Trøndelag og på Austlandet har husdyrhaldet gått sterkt tilbake, medan kornproduksjonen har auka. Jordbrukslandskapet her er endra frå eit variert, mosaikkprega landskap basert på manuell arbeidsinnsats og enkel teknologi til eit meir monotont og einsformig jordbrukslandskap med store åkerareal og bruk av landbruksmaskinar.

Busetnadslandskapet er sterkt forma av menneskelege aktivitetar. Tettstadene er samanhengande, busette område med bypreg, og er eit resultat av urbaniseringsprosessen der det går ein flyttestraum frå den spreiddbygde landsbygda til tettstadene. Byggjeskikk med lokalt særpreg er erstatta av ferdighus med ein byggjestil for kvar tidsperiode. Mange kommunar arbeider med **stadutvikling**, og legg vekt på å utvikle attraktive og miljøvennlege stader som er viktige for næringslivet og for folk som bur der.

Bylandskapet er sterkt omforma av menneskelege aktivitetar. Ulike stilartar kjem til uttrykk i byplanen og utforminga av plassar, gater, bygningar og parkar. **Mellomalderbyane**, mellom andre Oslo, Trondheim og Bergen, voks fram på 1000-talet,. På 1600-talet vart byutviklinga i Noreg påverka av nye byplanideal og stilartar frå kontinentet. Kristiansand, Kongsberg, Fredrikstad og Kristiania vart oppførte i **renessansestil**. **Barokken** følgde etter renessansen på 1600-talet, og Trondheim vart etter bybrannen i 1681 bygd opp igjen etter prinsippa i barokken.

På 1800-talet vart hovudstaden Kristiania bygd ut. Industribedrifter voks fram langs Akerselva, og sentrumsområdet med mellom anna Karl Johans gate vart bygt ut. Store bygningar, som Slottet, universitetsbygningen og stortingsbygningen, stod ferdig på 1800-talet. Folketalet auka og gjorde at byen breidde seg ut over jordbruksbygdene rundt.

Areal er ein viktig ressurs. Mange konkurrerande interesser knytte til arealbruken kan føre til konflikter og kamp om areala. Det blir sterkt press på jordbruksareala, særleg rundt byar og tettstader, når det blir bygt bustader, vegar og parkeringsplassar, jernbanenett, kjøpesenter og golfbanar.

Villmarksprega område, område utan spor av tyngre tekniske inngrep, utgjorde i år 1900 om lag halvparten av landet, men i dag berre 12 %. Utbygging av fritidsbustader og rekreasjonsbyar har endra arealbruken og kulturlandskapa. Kraftlinjer og utbygging av vindkraft krev òg areal. Kystområda og strandsona er attraktive område for friluftsliv, men òg til bustadføre mål, fritidsbustader og næringsverksemd.

Arealplanlegging er viktig for at bruken av areala skal bli slik ein ynskjer. Plan- og bygningslova er den viktigaste lova som styrer arealbruken i kommunane. Dersom det blir oppretta kjerneområde for jordbruk og skogbruk, med klare grenser rundt jordbruksareala, kan det redusere presset på jordbruksareala. Vern av område er eit anna tiltak for å bevare natur- og kulturlandskap.

Landskapet representerer ulike **verdiar** for folk, og kan delast inn i **økonomiske verdiar** og **ikkje-økonomiske verdiar**. Ofte legg ein størst vekt på dei økonomiske verdiane. Landskapet og omgjevnadene gjer òg sitt til å gje folk identitet, tilhøyrse og inspirasjon. Arkitektar, samfunnsplanleggjarar og allmenta har vorte meir bevisste på estetikken i utforminga av omgjevnadene, og kommuneplanleggjarane byggjer ofte på ein stadanalyse når dei planlegg bruke av areala.

Internasjonale avtalar om natur- og kulturvern er viktig, og UNESCOs liste over verdsarven inneheld område og objekt som er uerstattelige kultur- eller naturverdiar i ein global samanheng. Noreg har ført opp sju stader på denne lista.